
Emne: Budsjett og økonomiplan

Til: Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

Sendt: 18.11.2024 13.32.02

Fra: Kari Janne Ringstad <kari.ringstad@gmail.com>

På vegne av Eldrerådet vil vi gi ei tilbakemelding på budsjett og økonomiplan 2025-28.

Som kommunaldirektøren skriv, er det eit stramt budsjett og økonomiplan som er foreslått.

Vi har forståing for at den situasjonen kommunen er i er svært utfordrande.

Der er eit punkt vi bør kommentere.

-Nedlegging av dagtilbud for demente som bur heime.

Dei demente kan i dei fleste tilfelle bu heime grunna ektefelle eller andre pårørende.

Dagtilbud er tiltak som bidreg til å gi avlastning og støtte til pårørende.

Konsekvensen av å misse dette tilbudet for den demente kan bli

-behov for avlastning i sjukeheim

-innlegging i sjukeheim

Kommunen skal tilby dagtilbud til personer med demens.

Viser til Helse-og omsorgstjenesteloven paragraf 3-2

Stortinget har fastsett ei plikt for kommunen til å tilby dagaktivitetstilbud til heimebuende personer med demens, gjeldande frå 1.januar 2020.

Dagaktivitetstilbudet skal bidra m.a til å ivareta den demente sine funksjoner i dagliglivet, fremme livskvalitet og forebygge/reduere isolasjon og einsemd.

Mvh Kari Janne N.Ringstad

Eldrerådet

Sendt fra min iPhone